



Trengt om plassen, men framifrå musisering.

Timen gikk fort og kyrkjebenkane kjendest slett ikkje harde, men mjuke og gode under den fantastiske konserten i Uskedal kyrkje fredag kveld. Med tre stjerneorganistar på programmet innramma i Eva Megyesi sin morosame og kretative regi vart det ei eineståande oppleving å starta helga med.



Eva opna konserten med vakker ungarsk song, men så dukka to pratande polske organistar opp.

Det var hovudgjesten Waclaw Golonka, professor ved Musikakademie i Krakow som sytte for orgelmusikken denne kvelden, medan kantor i Odda, Pawel Cabala, og vår eigen Eva Megyesi bidrog med pianomusikk for både 4 og 6 hender saman med nemnde Golonka.

Konserten starta med at Eva kom syngande på ein ungarsk folketone frå dåpssakristiet iført den flotte ungarske bunaden sin. Då ho var i slutfasen på songen, kom dei to polakkane inn ei anna dør småpreikande saman på polsk. Ho avbraut sangen. 'Ka gjer dåke her? Utan ingenting,' helsa ho dei m.a. velkommen til latter frå publikum.

Deretter tok ekteparet Pawel og Eva plass ved piano og gjorde klart for første pianonummer, Augustin Lara sin Granada for 4 hender. Etter nokre tonar vart dei forstyrta av Waclaw Golonka som var komen på plass ved orgelet på galleriet og trykte til. Latter frå publikum. Ny start, og på ny øydela organisten på galleriet. Etter kraftig irttesetting frå Eva til Waclaw, meir latter frå publikum og eit kyss til Pawel kom paret i gang og gav konserten ein flott musikalsk start.



Waclaw Golonka ved orgelet før konserten.

Deretter fulgte ei orgelavdeling som det verkeleg var klasse over. Stemninga og responsen i kyrkja fortalde alt om det. Her fekk vi høyra eit variert program som starta med Bach-Vivaldi sin a-moll-konsert før vi fekk høyra meir moderne musikk av den polske komponisten M. Sunynski i Scherzo from the 9th simfony. Orgelavdelinga vart runda av med to verk av henholdsvis J. P. Sweelinck og J. S. Bach som Eva omtala som kongen av musikk i heile verda. Biletet frå orgegelmusikkavdelinga vart overført til lerret slik at publikum kunne følgja med på korleis organisten jobba med både hender og føter. Eit godt supplement til den vakre musikken.

Etter dette tok Golonka plass på pianokrakken, og då han slo første akkord, var hemnens time komen. No hadde nemleg Eva lurt seg opp på galleriet, og dermed vart pianospelet avbrote av nokre orgeltonar. Latter frå både publikum, og frå 'sabotøren' Eva på galleriet. Men så var Golonka i gang på pianoet, og vi fekk oppleva ei vanvittig flott framføring av F. Chopin sin Polonaise i A-dur. Deretter vart den herlege stunda avslutta med at alle tre organistane tok plass på pianokrakken, og vi kunne berre nyta 2 stykke av komponisten S. Rakhmaninov, - Romanz og Waltz. Nydelege var stykka i kveld, men skal vi tru det Eva sa då ho introduserte dei, var det ikkje så morosamt på første, andre og tredje øving.

- De veit vi er tre organistar med forskjellig karakter og temperament, sa ho til litt latter, og la til at ein grunnane til at ho hadde invitert Golonka var at han var liten og slank slik at det vart plass til dei tre ved pianoet.



Stående taktfast applaus frå eit strålende fornøgd publikum.

Konserten måtte berre utløysa langvarig, ståande applaus. Ei heilt fantastisk musikkstund var til endes. Nok ein gong hadde den kjære kantoren vår, Eva Megyesi, stått for ein konsert der den musikalske kvaliteten er imponerende samstundes som ho med sitt humørfylte vesen lagar ei ramme rundt det som skaper ein svært god og lett stemning. Kristian Bringedal takka frå soknerådet, og han understreka den ressursen Eva Megyesi er og det store arbeidet ho gjer.

Golonka har besøkt Norge med konsertar to gonger før. Eva høyrde han første gong i Odda i 2012 og tenkte 'wow, han spelar jo betre enn meg,' som ho sa det. I 2015 var han tilbake, og då hadde han m.a. konsert i Valen kyrkje. Vi håpar verkeleg at han kjem tilbake fleire gonger.

Det er også mogeleg å oppleva organistrioen på søndag. Då skal dei framføra om lag same konsert-program i Odda kyrkje kl.19.





Tre dyktige og fornøgte aktører etter konserten.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland